

Notat

Dato: 02.12.2016
Arkivsak: 2016/1829-4
Saksbehandlar: johmeye

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune - oppfølgingsnotat saker innan HR pr desember 2016

I referatsak for møtet i Kontrollutvalet 2. mai 2016 vart mellom anna følgjande rapportert:

- *Personalsak – rettsforlik inngått januar 2015. Motpart har i ettertid saksøkt fylkeskommunen og saka er under førebuing for handsaming i Bergen tingrett.*
- *Personalsak – Overtalig tilsett vart sagt opp 2012. Fylkeskommunen vart saksøkt med påstand om usakleg oppseiing. Fylkeskommunen fekk medhald i tingretten. Saka er anka vidare til lagmannsretten for handsaming hausten 2016.*

Status for desse sakene er følgjande:

Sak 1:

Motparten har anka saka vidare inn for lagmannsretten. Saka vart der handsama etter reglane for «forenklet behandling» og avslutta gjennom Lagmannsretten si fråsegn av 19. oktober 2016. Denne fråsegna er av motparten i stemning 15. november anka inn for vidare handsaming i Høgsterett.

Sak 2:

Lagmannsretten hadde saka til handsaming i september 2016, og dom falt 26. oktober. Fylkeskommunen fekk einstemmig medhald i lagmannsretten. Motparten har 28. november anka denne saka vidare inn for handsaming i Høyesterett.